

# Rettleiing om ulike sider ved gudstenesta

Viktige omsyn i utforming av gudstenesta.  
Utarbeidd av sekretariatet i Kyrkjerådet.

## Innhald:

<u>Nokre hovudomgrep i ordninga</u>	s. 02
<u>Ei gudsteneste for alle</u>	s. 05
<u>Universell utforming</u>	s. 06
<u>Born og unge i gudstenesta</u>	s. 10
<u>Bruk av ulike målformer og språk</u>	s. 13
<u>Kven gjer kva i gudstenesta?</u>	s. 15
<u>Plasseringar og vendingar i gudstenerommet</u>	s. 20
<u>Kunstnarlege uttrykk i gudstenesta</u>	s. 25
<u>Song og andre musikkformer</u>	s. 27
<u>Stille og kroppsspråk i gudstenesta</u>	s. 32

# nokre hovudomgrep i ordninga

---

*Hovudgudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden på søndagar og helgedagar, slik ho er fastsett av biskopen (jf. § 3 i Tjenesteordning for biskoper (TOB)). Andre gudstenester på søndagar og helgedagar enn dei biskopen har fastsett, kan òg reknast som hovudgudstenester når soknerådet gjer vedtak om det, jf. punkt 57–60. (Allmenne føresegner, punkt 2)*

## Hovudgudsteneste er hovudsamlinga i kyrkjelyden

Det finst et breitt spekter av gudstenester i mange kyrkjelydar, ikkje berre søndag føremiddag, men òg søndag kveld og til andre tider og dagar gjennom veka. Når den gudstenesta som ein til vanleg held søndag føremiddag, blir kalla hovudgudsteneste, er det for å understreka at dette er hovudsamlinga i kyrkjelyden. Ho er forordna av biskopen og kan ikkje veljast bort, anten ho blir halden som høgmesse, Familiemesse, Ung messe, familiegudsteneste osv.

I Gudstenesteboka 1977–1992 finst det fleire fullt utskrivne ordningar for hovudgudstenester, mellom anna for familiegudsteneste, forenkla høgmesse og preikegudsteneste. I gudstenesteordninga av 2011 er det tenkt på ein annan måte på opningar for variasjon og mangfald når det gjeld hovudgudstenester i kyrkjelyden. Dette går fram av sjølve ordninga, med alle alternativa som er framstilte der. Det blir synleggjort i skjemaet «Døme på strukturar» (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.25). I den venstre kolonnen står hovudgudstenesta som høgmesse. Dette er hovudgudstenesta i fullstendig form, som danner utgangspunktet for alle andre typar hovudgudstenester i den lokale kyrkjelyden.

Ordninga, slik ho er framstilt med alle ledd, sentrale liturgiske tekstar og rubrikkar (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.5–2.24), danner utgangspunktet for alle dei ulike typane hovudgudstenester kyrkjelyden ønskjer å ha. Det er opp til den lokale kyrkjelyden å avgjera kva slag typar dette skal vera, og korleis dei skal leggjast opp. Strukturane som står i kolonne 2, 3 og 4 i skjemaet for strukturar i hovudgudstenesta (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.25), er difor kalla *døme*:

- 2 Døme på forenkla gudsteneste med nattverd.
- 3 Døme på gudsteneste utan nattverd.
- 4 Døme på forenkla gudsteneste utan nattverd.

Det kan vera stor lokal variasjon når det gjeld kva slag hovudgudstenester ein feirar, og kva for namn dei får. Dette har ikkje minst med samansetjinga av kyrkjelyden å gjera, både i forhold til alder, språk, kyrkjeleg, kulturelt og sosialt særpreg og gudstenestetradisjonane i kyrkjelyden.

Dei lokale variantane av hovudgudsteneste utarbeider ein ved hjelp av

- strukturen i høgmessa og dei sentrale liturgiske tekstane,
- rubrikkar (**med raud skrift**) som seier kva som er fast, og kva som er valfritt, kva som kan gjerast på den eine eller den andre staden, korleis ein utfører handlingar, osv.,
- døme på andre strukturar (kolonne 2, 3 og 4, side 2.25),
- eit variert materiale av liturgiske tekstar (samlingsbøner, syndsvedkjenningar, forbøner osv. Ordning for hovudgudsteneste, side 2.29–2.84),
- fleire modellar for utforming av lokale liturgiske ledd (samlingsbøn, syndsvedkjenning, kyrielitani, forbøn osv.),

- bønner og andre liturgiske tekstar frå andre kjelder, etter dei retningslinene som finst i modellane for utarbeiding av dei ulike tekstane,
- eit stort tilfang av liturgisk musikk i varierte stilartar.

## Lokal grunnordning

Kva som ligg i uttrykket *lokal grunnordning*, og kva som er innhald, rammer og retningsliner for denne ordninga, finst det ei god oversikt over i Allmenne føresegner for Ordning for hovudgudsteneste,

C. Føresegner for fastsetjing av Lokal grunnordning. I punkt 57 heiter det:

*I Lokal grunnordning gjer ein vedtak om høgmessa og andre typar hovudgudstenester. Med andre typar hovudgudstenester er meint hovudgudstenester som kyrkjelyden bruker å feira, og som har ein eigen profil eller eit lokalt særpreg.*

I utgangspunktet er alle hovudgudstenester *gudstenester for alle* i kyrkjelyden. Alle døypte høyrer naturleg heime i fellesskapet i gudstenesta. Men kvar kristen gudsteneste har òg ein *misjonerande* dimensjon. Det inneber at kyrkjelyden må tenkja gjennom kva som kan gjerast for at både døypte og udøypte som ønskjer det, kan kjenna seg velkomne og bli inkluderte i gudstenestelivet i kyrkjelyden.

For å oppnå dette vil ein i somme kyrkjelydar i grunnordninga si velja å ha fleire ulike typar hovudgudstenester, medan andre vil ha éin fast struktur, med opning for variasjon og tilpassing frå gong til gong.

Soknerådet kan oppnemna eit *gudstenesteutval* som utarbeider eit framlegg til lokal grunnordning. Soknepresten og kyrkjemusikaren går alltid inn som medlemmer i dette utvalet. Elles bør det vera samansett slik at det så godt råd er, kan representera heile kyrkjelyden, med omsyn til kjønn, alder, sosial og kulturell bakgrunn, osv.

Før den lokale grunnordninga blir fastsett, skal prestar, kyrkjemusikarar, kateketar, diakonar og andre tilsette som er involverte i gudstenestearbeidet, få *høve til å uttala seg*. Framlegget skal òg leggjast fram for *soknemøtet* før soknerådet vedtek det og sender det gjennom prosten til biskopen for godkjenning.

## Den enkelte gudstenesta

Når grunnordninga er vedteken, kan eit gudstenesteutval ha ansvar for årsplan og fordeling av oppgåver i samband med *den enkelte gudstenesta* (dagens gudsteneste). Presten som gjer teneste (liturgen) leier arbeidet med den enkelte gudstenesta, i nært samarbeid med kyrkjemusikaren og andre tilsette og frivillige medarbeidarar som skal gjera teneste på denne gudstenesta. Det kan etablerast ordningar med *gudstenestegrupper* som fordeler gudstenestene mellom seg, eller ein kan innføra liknande ordningar for kven som førebur og gjer teneste som medliturgar i kvar gudsteneste.

## Metodiske kjerneomgrep

Både ved utarbeiding av den lokale grunnordninga og førebuing av den enkelte gudstenesta (dagens gudsteneste) kan kjerneomgrepa nedanfor vera til hjelp når det gjeld arbeidsmåte og metodikk.

## stadeigengjering

Dette kjerneomgrepet understrekar at gudstenesta blir halden i ein lokal kyrkjelyd og nødvendigvis må vera prega av denne lokale samanhengen for at evangeliet skal vinna rom og setja sitt preg på lokalsamfunnet. Dette utfordrar kyrkja på staden til å la den lokale kulturen og det lokale miljøet koma til uttrykk og setja sitt preg på gudstenesta, og sjølv bli prega av den kristne bodskapen. Det kan dreia seg om språk og samværsformer, musikk, biletspråk, andre kunst- og kulturuttrykk. Eit spenningsfylt og fruktbart møte må skapast mellom evangeliet og den lokale staden.

## involvering

Lokal stadeigengjering inneber ikkje minst det å bli involvert – at menneske i alle generasjonar og ulike kulturelle, sosiale og etniske grupper som høyrer til i og kjenner lokalsamfunnet, kan delta i gudstenesta og setja sitt preg på henne.

Grunnleggjande involvering er det når heile kyrkjelyden, med kropp og sjel, blir dregen inn i gudstenestefeiringa gjennom å syngja med på salmar og kyrkjelydssvar, lytta aktivt til tekstar og preike, sitja stilt saman, delta i bønner og i nattverdsmåltidet. Djupast sett er det å få delta på denne måten ei gåve som Gud gjev, «Brødet som vi bryt», og «Velsigningsbegeret som vi velsignar» (1 Kor 10,16), gjev oss del i Kristi kropp og blod. Å vera deltakande og delaktige på denne måten gjer oss til eit fellesskap, til éin kropp. På vegner av heile fellesskapet som deltek, er det nokre personar som får i oppgåve å førebu og gjera teneste i kyrkjelyden som liturg og medliturgar.

## fleksibilitet

Fleksibilitet er ein naturleg konsekvens av dei to første kjerneomgrepa. Dersom involvering skal fungera i dette å førebu og feira den lokale gudstenesta, må det vera stor opning for ulike val når det gjeld både tekstar, handlingar og andre uttrykksformer. Det må vera høve til å utforma lokale bønner og på andre måtar la det lokale livet og engasjementet koma til uttrykk i gudstenesta. Gudstenesteordninga legg opp til dette med sine mange variantar av tekstar, modellar for lokalt utforma bønner og liknande, og dessutan *rubrikkar* og *allmenne føresegner* som gjev stor fleksibilitet når ein skal gjera den lokale gudstenesta stadeigen.

Samtidig er det viktig å balansera desse tre kjerneomgrepa, slik at det blir tydeleg at kyrkja ikkje berre er stadeigen, men òg «ei heilag, allmenn kyrkje». Ordninga legg difor òg stor vekt på det som er felles for kyrkjelydane i Den norske kyrkja og for den verdsvide kyrkja. Her finst ein felles hovudstruktur, og mange av dei sentrale elementa i gudstenesta er dei same frå stad til stad. Slik kan ein både kjenna seg att i det heimlege og kjenna seg i eitt med den økumeniske, verdsvide kyrkja.

# ei gudsteneste for alle

---

*Ei brei og samansett gruppe frå kyrkjelyden bør vera med og førebu og gjennomføra hovudgudstenesta. I gudstenesta skal ein leggja vekt på universell utforming. (jf. Allmenne føresegner, punkt 12)*

Medlemene i den norske kyrkja er menneske som ved dåpen er sette inn i fellesskapet med Gud og med kvarandre. Det inneber at alle døypte høyrer til i fellesskapet i kyrkja, uavhengig av livsfase og livssituasjon, alder og funksjonsevne. I fellesskap med kvarandre skal vi feira gudsteneste i all vår ulikskap og med alt mangfald, som forskjellige lemer på éin lekam. Alle er like verdfulle, og ingen kan vi vera utan – «dei lemene på kroppen som synest vera veikast, kan vi ikkje vera utan» (1 Kor 12,22).

Kyrkja er i sitt djupaste vesen diakonal. Born og unge, unge vaksne, vaksne og gamle, personar med ulik slag nedsett funksjonsevne, etniske nordmenn og innvandrarar, menneske med rusproblem, menneske med psykiske problem, kyrkjevende og dei som er meir usikre og nølande til kyrkjerommet og formene i gudstenesta – gudstenesta er for alle. Skal vi få til dette, er det heilt nødvendig å ha fokus på menneske og grupper som ein lett kan oversjå.

Kvar kyrkjelyd blir utfordra til å tenkja gjennom:

- Kven er det som har vanskeleg for å koma til kyrkja og/eller delta i gudstenestene? Kva for enkeltpersonar? Kva for grupper?
- Korleis opplever dei som kjem til gudstenesta i samband med dåp, at dei blir inkluderte og får hjelp til å delta på ein trygg og god måte?
- Korleis kjem ein dei i møte som sjeldan eller aldri går i kyrkja? Korleis kan dei bli involverte og oppleva det meningsfylt dersom dei kjem?
- Er det nokon som lèt vera å koma fordi dei har dårlege erfaringar, eller ikkje lenger opplever gudstenesta som si, eller fordi dei er usikre på om det vil bli lagt til rette for at dei kan delta? Kva kan vi gjera for at dei skal kunna delta og ha eit eigarforhold til gudstenesta i den lokale kyrkjelyden på lik line med andre?
- Er det noko i gudstenesterommet som må endrast?
- Er det noko i den lokale liturgien – orda, musikken, handlingane – som må endrast?
- Er det noko som må endrast når det gjeld kven som får oppgåver, kven som får vera med i planlegging og gjennomføring, kven som får vera medliturgar?
- Er det noko som må gjerast med haldningar og kultur i kyrkjelyden? Korleis møter vi kvarandre? Aksepterer og respekterer vi kvarandre? Korleis kjempar vi mot tendensar til klikkdanning og arbeider for ein kultur i kyrkjelyden som er utan både synlege og usynlege dørstokkar?
- Er det nokon som er avhengig av å ha med seg hjelpar eller følgje for å kunna delta i gudstenesta?

# universell utforming

---

## Samfunn for alle – gudsteneste for alle

Det rettslege grunnlaget for *universell utforming* av det norske samfunnet finn vi i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven:

*Lovens formål er å fremme likestilling og likeverd, sikre like muligheter og rettigheter til samfunnsdeltakelse for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapt funksjonshemmende barrierer og hindre at nye skapes.*

I denne lova er «samfunn for alle» eit berande element. Dette utfordrar gudstenestelivet i kvar einaste kyrkjelyd til å leggja alt til rette for «gudsteneste for alle». *Universell utforming* er diskriminerings- og tilgjengelighetsloven definert som «utforming av produkter og omgivelser på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpasning og en spesiell utforming».

## Få bort unødvendige hindringar

Tidlegare vart funksjonshemming rekna som ein eigenskap ved ein person. Den det galdt, var funksjonshemma i alle situasjonar og måtte hjelpast med tilrettelagde tiltak. I dag ser vi på funksjonshemming som det å ikkje meistra møtet med samfunnsskapt barrierar. Dette er noko alle kan oppleva, og ein løyser det ved å endra samfunnet. Funksjonshemming kan definerast som «avvik mellom samfunnets krav og den enkeltes yteevne» og funksjonshemminga blir redusert «ved å få bort de samfunnsskapt hindringer og barrierer» (jf. Diskriminerings og tilgjengelighetsloven, 2009).

Eit enkelt døme er ei bratt trapp. Ho kan vera ei uoverstigeleg hindring for rørslehemma. I staden for å endra menneska må vi gjera noko med trappa. Ho må gjerast meir tilgjengeleg og aller helst bli universelt utforma, slik at det ikkje blir ein barriere som hindrar rullestolbrukarar og andre å koma seg inn i bygningen. Problemet er ikkje at personar er funksjonshemma, men at trappa skaper hindringar som ikkje treng vera der.

## Kven har spesielle behov for tilrettelegging?

Korleis er gudstenesterommet vårt og gudstenesta vår tilrettelagde for personar med nedsett funksjonsevne? Kjenner dei seg inkluderte, opplever dei at dei blir respekterte, og at dei høyrer naturleg heime i kyrkjelyden som feirar gudsteneste?

Funksjonshemming oppstår når det er eit gap mellom dei føresetnadene individet har, og miljøet, slik det er utforma, og med dei krava det set til funksjon. Dei som opplever dette, kan vera alt frå små born som ikkje kan sjå det som skjer frå plassen sin i kyrkjebenker med høge rygger, til eldre menneske som har vanskar med å gå opp trappetrinna til altarpartiet.

I særleg grad gjeld det menneske med

- nedsett rørslefunksjon (rullestolbrukarar, andre som går dårleg)

- nedsett høyrse
- nedsett syn (blinde og svaksynte)
- nedsett kognitiv funksjon (utviklingshemma)
- funksjonsreduksjon på grunn av allergi, hjarte- og lungesjukdommar, e.l.

Somme treng at forholda blir lagde til rette. Andre treng òg personleg hjelp. Det kan vera alt frå frivillige som gjev ei hjelpande hand når nokon har behov for det, til den meir profesjonelle hjelpa andre treng for i det heile å koma seg til kyrkja. Same kva slag hjelp det dreiar seg om, må det innarbeidast gode rutinar som må utførast naturleg og diskré, slik at ingen opplever at dei er på utstilling eller til bry.

## Kyrkjebygg og kyrkjerom

Korleis kan ein unngå at kyrkjebygget og kyrkjerommet verkar funksjonshemmande?

Ifølgje plan- og bygningslova skal alle kyrkjer, som alle andre offentlege bygg, vera universelt utforma. Ved alle nye kyrkjebygg følgjer ein dette opp. I gamle kyrkjer må ein i nokon monn godta løysingar som gjeld inntil vidare. Det handlar om at sjølve kyrkja er tilgjengeleg, men òg innanfor veggene. Ein skal kunna køyra til døra og ikkje bli møtt med uoverstigelege dørstokkar. I sjølve kyrkjerommet handlar det mellom anna om å

- setja av plass til rullestolar, gjerne ved å ta bort ein benk eller ei stolrad godt framme i kyrkja, eller ved å ha nokre stolar langs midtgangen. Ein må unngå at rullestolbrukarar opplever å sitja i vegen, eller på utstilling;
- syta for at det òg er plass til barnevogner i kyrkjerommet;
- gje god plass til å flytta seg, slik at alle som ønskjer det, kan koma seg til utdelingsstaden for nattverden, til stasjonar under bønnevandring og liknande;
- plassera lysglobar og andre liturgiske gjenstandar og installasjonar slik at dei ikkje kjem i vegen for rørslehemma, og at blinde og svaksynte ikkje støyter borti dei;
- unngå lysteningsstader og stader for andre symbolhandlingar heilt nede ved golvet, og ta omsyn til dei som ikkje rekk ned, eventuelt ved å ha ein alternativ stad;
- syta for at stader for lystenning har god høgd med tanke på rullestolbrukarar og små born – ikkje for høgt (alle skal opp), og ikkje for lågt (klede kan ta fyr);
- syta for godt høgtalar- og teleslyngjeanlegg, og skilting som viser at det finst (T);
- syta for lysforhold som gjev godt leselys til alle i kyrkjebenkene;
- syta for at leseputen og andre stader der noko blir lese eller framført, er godt synlege for alle i kyrkjerommet;
- syta for at ein eventuell skjerm for vising av songar, liturgi, og eventuelle bilete som illustrerer lesingar eller preike, er plasserte slik at alle kan sjå det som blir vist. Med tanke på svaksynte bør dette òg finnast i nokre eksemplar i papirformat. Bilete som blir viste, må gjerne òg forklarast munnleg, slik at også blinde og sterkt svaksynte får med seg det som blir sagt;
- gje høve til å ha med førarhund inn i kyrkja for dei som er avhengige av det;
- ikkje trykkja gudstenesteprogram på kulørte ark – og hugsa stor nok skrift;
- unngå endringar i kyrkjerommet frå gong til gong – det kan skapa problem for synshemma og mange andre med nedsett funksjonsevne.

Konkretisering av desse punkta og meir om tilrettelegging for funksjonshemma i kyrkjelydane finst i heftet «Gjer døra høg, gjer porten vid ...» (Kyrkjerådet 1998).

## Personar med nedsett funksjonsevne som medliturgar

Gudstenesta er eit samspel mellom kyrkjelyden, liturgen og medliturgane. Med litt tilrettelegging er liturgar som har nedsett funksjonsevne i stand til å leia gudstenesta på ein framifrå måte. Blinde kyrkjemusikarar kan òg utføra tenesta si på same gode måten.

Mange kyrkjelydar er flinke til å inkludera menneske med ulike slag funksjonshemmingar som medliturgar. Men mange stader er det eit klart potensial for forbedring. Medliturgane bør representera kyrkjelyden med omsyn til alder, kjønn osv. Og det er ingen grunn til å la vera å spørja funksjonshemma om å delta med ei synleg oppgåve i gudstenesta. Det handlar om å synleggjera at i det gudstenestelege fellesskapet er vi alle like verdfulle. Vi er ulike lemer på den eine lekamen. Kvar lem er unik. Kvar lem er nødvendig.

## Utfordring i samband med rørsler og handlingar i gudstenesta

I løpet av ei gudsteneste sit ein stille, ein reiser seg, flyttar seg i kyrkjerommet og blir kanskje oppfordra til å gjera rørsler til ei bøn eller ein salme. Handlingar og rørsler er sentrale og uunnverlege uttrykksformer i gudstenesta. Men det er viktig å tenkja seg om og finna løysingar så personar med nedsett funksjonsevne av ulikt slag og i ulik grad skal kunna kjenna seg inkluderte og kunna delta.

Dette handlar mellom anna om:

- *Å reisa seg* under evangelielesinga, truedkjeninga, nattverdsliturgien og velsigninga. Dette kan vera krevjande for mange rørslehemma, og umogleg for rullestolbrukarar. Korleis kan ein gjera det legitimt å bli sitjande medan andre reiser seg? Kan det skrivast i gudstenesteprogrammet, i avsnittet der det er aktuelt? Kan det stå i gudstenesteprogrammet som ein generell informasjon: «Når kyrkjelyden reiser seg, er det heilt i orden å bli sitjande»? Kan det seiast saman med annan informasjon når gudstenesta tek til?
- *Ofring* rundt altaret kan vera eit problem for dei som sit i rullestol, og for andre rørslehemma. Når det skal vera slik ofring, må ein finna lokale løysingar som gjer at alle kan delta. Når det er ofring i kyrkjebenkene, er det likt for alle – heilt i samsvar med universell utforming.
- *Utdeling av nattverd* bør skje slik at alle skal kunna delta. Nattverd ved intinksjon kan vera ei god utdelingsform for mange funksjonshemma. Lat dei som deler ut brød og vin stå nær kvarandre, slik at personar med nedsett rørsleevne ikkje treng å gå steg for å dyppa brødet i vinen.
- *Bønevandring* og andre symbolhandlingar der kyrkjelyden flyttar seg rundt i kyrkjerommet, krev god plass rundt «bønestasjonar» og installasjonar der symbolhandlingar skal utførast. For synshemma kan det vera nødvendig å ha nokon som følgjer og hjelper. Det er òg viktig å informera om at det er heilt i orden å bli sitjande på plassen sin.
- *Bøner og songar med rørsle* kan verka framandt for somme. Difor er det nødvendig å seia at dei som ønskjer det, kan gjera rørslene, og at alle andre kan delta like mykje ved å vera med i bøna eller songen utan å gjera rørslene.
- *Gudstenesteprogram* på papir eller skjerm må ha stor og tydeleg skrift.

## Alle sansar

I gudstenesta får vi både røra oss og sitja stille. Vi får høyra, sjå, kjenna og smaka. Di meir medviten ein er om at kyrkjelyden skal få ta alle sansane i bruk, di større sjanse er det for at alle skal kunna kjenna seg inkluderte. Somme kan ikkje sjå, men dei kan få med seg det dei høyrer. Andre høyrer dårleg, men det dei ser, får dei med seg. Somme forstår ikkje alt som



blir sagt, men dei får oppleva fellesskap og Guds nærvær både ved det dei ser, og det dei smakar.

## Vi gjev og vi tek imot

Det er ikkje slik at somme er mottakarar av omsorgstenester, medan andre er omsorgsgjevarar og hjelpepersonar. Kven som gjev, og kven som tek imot, kan variera frå tid til tid. Samtidig er det slik at vi alle står i ein dobbelposisjon, vi gjev og vi tek imot. Vi treng kvarandre og har mykje å bidra med til kvarandre. Den som på enkelte område er avhengig av hjelpetenester, har mykje å gje på andre område.

*Den norske kirke vil bekrefte og ivareta alle døpte som likeverdige medlemmer, og legge forholdene til rette slik at mennesker med utviklingshemning kan se gudstjenesten og menighetsfellesskapet som et sted der de kan uttrykke og finne styrke for troen ved å både motta fra og gi til fellesskapet. (Frå «Likeverd, inkludering og tilrettelegging», fråsegn frå Kyrkjerådet, november 2009)*

# born og unge i gudstenesta

---

## Barn og unge og *vi* i gudstenesta

«Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møta din kjærleik og di sanning», bed ein medliturg i ei samlingsbøn først i gudstenesta (Samlingsbøn nr. 1 i Ordning for hovudgudsteneste, side 2.29). *Vi* i gudstenesta er alle som er til stades, heile forsamlinga som feirar gudsteneste. Alle er deltakarar. Det er ei utfordring til alle kyrkjelydar å arbeida for at dette blir opplevd som ein realitet, frå søndag til søndag, i alle hovudgudstenestene i kyrkjelyden. Ei særleg utfordring er å involvera born og unge.

## Mange lemer – éin kropp

Slik står det i Det nye testamentet om *vi* i kyrkjelyden – og i gudstenesta.

*For liksom kroppen er éin, endå om han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka. For kroppen er heller ikkje éin lem, men mange. (1 Kor 12,12–14)*

Korleis kan ein gjera det klart for born og unge at kvar og ein er ein verdfull lem på Kristi lekam? Kyrkjelyden er ikkje éin lem, men mange – og der høyrer alle born og unge naturleg heime. Dette må fellesskapet i gudstenesta synleggjera.

Gjennom dåpen blir vi sette inn som fullverdige medlemmer og medverkande i kyrkjelyden og i gudstenestelivet, anten vi er med frå plassen vår i kyrkjebenken eller vi har fått tildelt ei særleg teneste som liturg eller medliturg. Trusopplæringa i kyrkja med fokus på det døypte barnet som fullverdig truande utfordrar alle kyrkjelydar:

- Korleis kan ein leggja til rette for at born kan delta?
- Korleis kan ein gjera synleg at dåpen gjev full opning for at alle kan delta i gudstenestelivet og fellesskapet i nattverden?
- Korleis kan ein inkludera born og unge i planlegging og gjennomføring av gudstenesta på ein slik måte at dei opplever at dei høyrer til i dette *vi* som gudstenesta er?
- Korleis kan ein unngå at born og unge får ei oppleving av at gudstenesta går føre seg på premissane til dei vaksne?
- Kva kan ein gjera for å unngå at unge kjenner at språk og uttrykksformer i gudstenesta er framande?
- Korleis kan born, unge og vaksne bli fortrulege med gudstenesteuttrykk som dei i utgangspunktet ikkje er fortrulege med?

Svara er ikkje enkle, men kyrkjelyden må arbeida med desse spørsmåla. Ein må òg finna ut kva for born og unge høyrer til i kyrkjelyden. Kva veit vi om interessene deira? Kva veit vi om språket og uttrykksformene deira? Kva veit vi om ønska dei har for gudstenesteliv og kyrkjelyd? Svara får ein først og fremst ved å lytta til og samtala med born og unge. Dei må sjølve få seia noko om korleis born og unge kan kjenna seg som medeigarar til hovudsamlinga

i kyrkjelyden, gudstenesta på søndagen?

## Borna i gudstenesta

Borna har ei særstilling i kristen tru, ettersom Jesus sjølv sette fram barnet som døme for dei vaksne. Han sa: «For Guds rike høyrer slike til» (Mark 10,14).

Forteljinga som lyder kvar gong det er dåp i kyrkja, om læresveinane som viste bort borna som dei bar til Jesus (Mark 10,13–16), står som ei klar utfordring til alle kyrkjelydar: «Hindra dei ikkje!» Dei høyrer til her. Dei fekk Jesu velsigning den gongen, og dei skal bli velsigna på nytt i dag, i gudstenesta.

Kyrkjerommet og gudstenestelivet skal leggjast til rette på ein slik måte at borna er inkluderte. Det kan vera behov for særskilde gudstenester med fokus på at born skal delta. Men slike gudstenester bør vera eit supplement til den ordinære hovudgudstenesta. Born bør få vera med og bidra på vanlege hovudgudstenester. Bidraget deira må vera ein integrert del av sjølve liturgien, ikkje som ekstra framføringar eller opptrinn som ein opplever som noko i tillegg til det som er naturleg innanfor dei aktuelle liturgiske ledda. Det kan vera alt frå deltaking under kyrieleddet, dans til lovsong (Gloria), drama til teksten eller preika, lesing av bøner, tenning av lys, assisterande oppgåver ved dåp, evangelieprosesjon og frambering av brød og vin til altaret, til det å vera med som forsongarar eller å vera med i korsong på stader i gudstenesta der det naturleg høyrer heime.

I alle gudstenester må det leggjast til rette for at dei aller minste borna kan vera til stades utan at foreldra får ei kjensle av at dei uroar og forstyrrar. Born er ikkje gamle før gudstenesterommet og mange ulike uttrykk og rørsler under gudstenesta kan engasjera dei og gjera dei delaktige. Dette kan stimulerast på fleire måtar. I samtale med foreldre, barneleiarar og borna sjølve kan ein lokalt finna gode løysingar innanfor gudstenesteordninga.

Mange kyrkjelydar har *søndagsskule* for born under delar av gudstenesta. Borna kan gå med i inngangsprosesjonen når gudstenesta tek til. Det kan òg vera eit innslag like etter inngangsorda, eit innslag som «peikar på særpreg og tema i gudstenesta», til dømes eit drama, eit talekor eller ein song som borna utfører før dei går til søndagsskulen. Det må vurderast ut frå lokale forhold når borna skal gå til si eiga samling, gjerne bak ei søndagsskulefane. Dei kan då ha ei vandring rundt i kyrkjerommet og få med alle borna som ønskjer å vera med. Dersom det er dåp, kan det vera naturleg at borna får vera med i gudstenesta til dåpen er ferdig.

Når i gudstenesta borna skal gå til søndagsskulen, må òg vurderast i forhold til tidspunktet når dei skal koma inn att. Dersom dei går ut like etter ledd 7 Lovsong Gloria, eller like etter dåpshandlinga, vil dei ha ca. 30 min før nattverden byrjar. I kyrkjer der ein kan ha søndagsskule i rom nær kyrkjerommet, er ein halv time høveleg tid for ei eiga samling før søndagsskuleborna kjem tilbake til kyrkjerommet og deltek i nattverden. Borna kan då koma inn att i kyrkja i samla flokk, gjerne i ein *barneprosesjon* fram mot nattverdsbordet. Det kan ein gjera samtidig med takkofferet og/eller salmesongen (ledd 18 eller 19). Borna kan eventuelt vera med på å samla inn takkofferet og/eller bera fram brød og vin til altaret.

Born bør vera synlege i gudstenestelivet, ikkje berre i gudstenester som er særleg tilrettelagde for dei. Mange kyrkjelydar har eit organisert opplegg med born som medliturgar, gjerne saman med unge og vaksne, og då i alle gudstenestene. Sjå meir om oppgåver for medliturgar og medliturg- eller ministrantteneste i avsnittet «Kven gjer kva i gudstenesta?», side 7.23.

## Dei unge i gudstenesta

Både for større born og unge som deltek i gudstenesta, er det viktig å snakka saman med dei om

kva gudsteneste er, kvifor vi går til gudsteneste, korleis dei sjølve opplever gudstenesta, og kva dei kunne tenkja seg var annleis. Det er verdfullt med ein god dialog med born og unge om gudstenestelivet i kyrkjelyden og dei sjølve som deltakarar i dette – og det kan føra til endringar i gudstenestene som gjer heile fellesskapet i kyrkjelyden rikare. Ein skal ta born og unge på alvor, lytta til dei, engasjera dei i oppgåver dei kan tenkja seg å gå inn i. Somme av dei spelar eit instrument. Kanskje kan dei få spela med i gudstenesta. Somme som dansar eller driv med teater, kan kanskje engasjerast i gudstenester. Somme teiknar og målar, og dei kan gjerne få utfalda talentet sitt til å illustrera tekstar og preike. Det er mange måtar å gjera det på. Så må ein tenkja gjennom korleis dette kan takast inn i gudstenesta på ein meningsfull måte for heile kyrkjelyden.

*Konfirmantane* deltek i gudstenester. Dei kan kanskje engasjerast som medliturgar i alle gudstenester der dei er med. Når nokon av kameratane eller venninnene er kyrkjevertar, les ei bøn, samlar inn offer og liknande, kan det gje ei oppleving av at «slike som meg blir rekna med her i kyrkja». Det er inga god løysing å påleggja konfirmantar å gå på gudsteneste utan annan beskjed enn at dei skal vera der og så få ei kvittering på dette etterpå. Dei må sjølvstøtt ha fått innføring i kva gudsteneste er. Dei må få hjelp til å finna fram i liturgiprogram og salmebok. Helst bør det leggjast til rette for at dei kan sitja saman med eldre ungdommar eller vaksne leiarar, slik at dei kan observera korleis andre deltek, og sjølve delta i liturgiske ledd, handlingar og rørsler.

## Trusopplæring

Gudstenesta er både eit trusfellesskap og eit læringsfellesskap. Vi lærer gjennom ulike uttrykksformer, som tekstar, bønner, salmar, kunst, handlingar, rørsler og kroppsspråk knytte til liturgiske ledd. Vi lyttar, vi syng, vi bed, vi reiser oss og vi set oss ned, vi vandrar, vi legg pengar i ein offerpose, og vi ser, tek imot og smakar. Vi lærer òg av dei andre – nokon som kan ein melodi betre enn vi sjølve kan, nokon som er meir sikre på når ein skal reisa seg og setja seg, nokon som veit når det er tid for å gå fram til nattverden, og så er det berre å følgja etter. Gudstenesta og kyrkjerommet som eit *annleis* rom opnar for læring som bind saman kunnskap, praksis og fellesskap. Gudstenesta har dermed ein sentral plass i trusopplæringa i kyrkjelyden.

I Plan for trusopplæring (side 29) står det at alle tiltak i trusopplæringa bør ha tilknytning til gudstenestelivet i kyrkjelyden. Det varierer korleis ein gjer dette. Det kan vera gudstenester med til dømes utdeling av fireårsbok eller presentasjon av konfirmantar, men trusopplæringa må òg bli forankra i det vanlege livet i kyrkjelyden frå søndag til søndag. I alle fall må born og unge og familiane som er omfatta av trusopplæringa, oppleva at dei høyrer til i fellesskapet i kyrkjelyden, at dei er inkluderte og likestilte i det *vi* som er samla for Guds andlet.

# bruk av ulike målformer og språk

---

Språkunderet på pinsedag – at alle hørde apostlane tala om Guds storverk på sine egne tungemål – viser at den kristne kyrkja frå første stund har vore ei fleirspråkleg forsamling. Språk handlar om identitet og det å høyra til. Mange meistrar fleire språk, men det er på morsmålet vårt vi uttrykkjer tankar og opplevingar best. Morsmålet er hjartespåret og er knytt til identitet og personlegdom. I tillegg er språk uttrykk for vår kulturelle arv og miljøet vi høyrer til.

«Soknemøtet tek avgjerd om språk og målform for hovudgudstenesta, også om det i nokre gudstenester skal brukast eit anna språk eller anna målform» (jf. Allmenne føreseger, punkt 69). Denne føresegna må ein sjå i samheng med ei anna. «Kyrkjelydar som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk, pliktar å bruka samisk språk i gudstenestelivet. Dette må innarbeidast i Lokal grunnordning» (jf. Allmenne føreseger, punkt 63).

Når det gjeld val av målform, *nynorsk* eller *bokmål*, vil det alltid vera nokon i lokalmiljøet som kunne ønskja at språket i hovudgudstenesta var på deira eiga målform. Ein kan vurdere om ein i kyrkjelydar som har valt bokmål, kan bestemme at eit bestemt tal gudstenester skal vera på nynorsk, og omvendt. Ein kan òg vurdere å gje tekstlesarar høve til å lesa teksten i den målforma dei sjølve bruker. At begge målformene er representert i salmane i gudstenesta, er òg viktig.

Det fleirspråklege mangfaldet vi har, er det teke omsyn til i Ordning for hovudgudsteneste ved at ordninga inneheld sentrale liturgiske tekstar på nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk og kvensk. Når samiske språk og kvensk får lyda i kyrkjerommet, blir statusen til desse språka styrkt i kyrkjelyden og lokalsamfunnet, og med det sjølvrespekten til dei som er knytte til desse språka gjennom morsmål og kulturell arv. Å gjera det vanleg å bruka samiske språk i gudstenesta er òg ei støtte til den språkpolitikken den norske staten står for, i dette å *leggja til rette for ei trygg framtid for samiske språk i Noreg*.

I alle delar av landet bur det personar som snakkar *nordsamisk*, *sørsamisk*, *lulesamisk* eller *kvensk*. Difor står det i Ordning for hovudgudsteneste (Innføring, side 2.4): «Sentrale liturgiske tekstar på samiske språk og på kvensk kan, når det er naturleg, brukast på hovudgudstenester i alle kyrkjelydane i landet.»

Over heile landet bur det menneske med bakgrunn frå andre land, med mange ulike morsmål. Difor står det òg: «Også andre språk kan nyttast i somme av gudstenesteledda der det er aktuelt.»

Alle kyrkjelydar blir utfordra til å tenkja etter: Bur det samar i kyrkjelyden vår? Bur det nokon som har kvensk som morsmål? Kva for personar av andre nasjonalitetar bur her hos oss? Kven av dei går ofte eller av og til i kyrkja? Kven av dei ville ha kome om dei visste at i gudstenesta vil også deira eige morsmål lyda? Burde vi rett og slett invitera nokon til å koma og bidra med innslag på sitt eige morsmål?

Når ein har tenkt gjennom spørsmål som dette, kan ein setja opp ein plan for kva for språk som skal brukast i kva for gudstenester. I tillegg til dei sentrale liturgiske tekstane kan det vera tekstlesingar på andre språk, anten i tillegg til norsk eller slik at den norske teksten står

på gudstenesteprogrammet. Ein kan òg syngja salmar på andre språk. Liturgiske ledd kan syngjast med samisk tekst og melodi, eller ein kan velja dei liturgiske songane frå «den verdsvide kyrkja» som finst i materialet til Liturgisk musikk til hovudgudstenesta i Den norske kyrkja.

Innvandrarar kan eventuelt læra kyrkjelyden ein av sine songar. I gudstenester der det er mange nasjonalitetar representerte, kan ein oppfordra kvar og ein til å be Fadervår høgt på sitt eige språk. Slik kan ein oppleve einskap og fellesskap trass i at dei som deltek i gudstenesta, er ulike når det gjeld språk og bakgrunn.

# kven gjer kva i gudstenesta?

---

Gjennom heile Ordning for hovudgudsteneste står desse bokstavsymbola ved kvart enkelt ledd:

- K for kyrkjelyd.
- A for alle (liturg og kyrkjelyd).
- L for liturg (gudstenesteleiar).
- ML for medliturg (tekstlesarar, bønneleiar, nattverdsmedhjelparar, forsongarar, kor og alle andre som utfører særskilde liturgiske oppgåver).

Vekslingane mellom desse aktørane frå ledd til ledd synleggjer at i gudstenesta er alle som er til stades, saman i ei felles handling.

I gudstenesta er det grunnleggjande å bli involvert og å delta. Slik har det vore heilt frå den første tid i kyrkja: «Når de kjem saman, har kvar av dykk noko å gje. Den eina har ein salme, den andre eit ord til lærdom, ein har ei openberring, ein har tungetale, og ein annan har tydinga. Men lat alt tena til oppbygging!» (1 Kor 14,26).

I gudstenesta er alle medverkande. Skal det skrivast i gudstenesteprogrammet kven som på ein særskild måte deltek, kan ein vurdera denne formuleringa: «Saman med kyrkjelyden medverkar kapellan Sverre Nilsen, organist Solveig Andersen og ...» Eller ein kan bruka andre ord på dei med spesielle oppgåver – til dømes: «I gudstenesta i dag gjer ... teneste.»

«Men lat alt tena til oppbygging», skreiv Paulus til kyrkjelyden i Korint. Det er like viktig i dag – både under planlegging og gjennomføring av gudstenesta. Dette handlar ikkje minst om å avklara alle rollene i gudstenesta. Ein bør snakka saman om kven som gjer kva, respektera kvarandres tenester og hjelpe kvarandre til at dei kan utførast på beste måte.

## Liturgen

Liturgen har det overordna ansvaret med å førebu og gjennomføra hovudgudstenesta (jf. Allmenne føresegner, punkt 71). Liturgen har rett til å ta avgjerder på alle andre område enn der andre har avgjerdsrett (jf. § 7 i Tjenesteordning for menighetsprester) (jf. Allmenne føresegner, punkt 13).

Alle gudstenester har éin gudstenesteleiar. Det er særleg viktig at liturgens funksjon som gudstenesteleiar er tydeleg når mange deltek med ulike oppgåver. Det er liturgen som bind det heile saman og er ansvarleg for heilskapen. Tydeleg leiing gjer det trygt for alle å delta i gudstenesta.

Liturgen vil til vanleg vera ein prest som etter ordninga i kyrkja vår er ordinert til denne tenesta. Presten som gjer teneste, har som gudstenesteleiar ansvar for førebuing og leiing av den enkelte gudstenesta.

Ifølgje tenesteordninga si har prestane i soknet eit sjølvstendig ansvar for å forvalta Ord og sakrament. Dei særskilde oppgåvene som presten har i gudstenesta, kan samlast i desse fem punkta:

- 1 Formidla Guds nåde (helsing/inngangsord) og tilgjeving (t.d. tilseing av syndsforlating ved skriftemål, eventuelt lovnadsord etter kollektiv syndsvedkjenning).
- 2 Halda preike, og vera ansvarleg for preika også når heile preika eller delar av henne blir

delegert til andre.

- 3 Forvalta dåpssakramentet, det vil seia utføra dåpshandlinga i gudstenesta.
- 4 Forvalta nattverdssakramentet, det vil seia leia nattverdsliturgien, dela ut brødet og seia tilseiingsorda.
- 5 Lysa Guds velsigning over kyrkjelyden.

Når det gjeld arbeidet elles, er det ulikt frå stad til stad korleis ein fordeler oppgåvene mellom liturgen og medliturgane. Sjå avsnittet nedanfor om oppgåvene til medliturgane.

## Kyrkjemusikar

*Tenestegjerande kyrkjemusikar* samarbeider med liturgen om førebuing og gjennomføring av gudstenesta, og har ansvar for det musikalske innhaldet i gudstenesta, og skal i tillegg gje råd og rettleiing til andre som utfører musikalske oppgåver i gudstenesta (jf. Allmenne føresegner, punkt 14 og 73)

I samarbeid med liturgen og medliturgane deltek kyrkjemusikaren i førebuinga av heile gudstenesta, med si særskilde oppgåve knytt til musikk til liturgiske ledd, andre song- og musikkinnslag og kva for instrument og eventuelle andre musikarar som skal medverka og samarbeidet om salmeval. (Sjå meir om dette i avsnittet «Song og andre musikkformer», side 7.39)

## Kateket og diakon

I somme tilfelle kan andre enn presten vera gudstenesteleiar. *Kateketen* er vigsla til å ta seg av undervisningsoppdraget i kyrkjelyden, og ifølgje gjeldande retningslinjer for den liturgiske funksjonen kateketen og diakonen har, kan kateketen vera gudstenesteleiar i gudstenester med særleg vekt på kyrkjelydens undervisningsoppdrag. Det gjeld gudstenester med fokus på dåpsopplæring, skulegudstenester og gudstenester knytte til konfirmasjonstida. Dette er gudstenester utan dåp og nattverd. Elles understrekar tenesteordninga at kateketen bør delta i førebuinga og gjennomføringa, og at han/ho kan medverka som predikant i gudstenester der undervisningsoppdraget er sentralt.

*Diakonen* har ifølgje tenesteordninga eit særleg ansvar for å sjå til at det er lagt til rette for fellesskap i gudstenesta, og at alle kan delta. Diakonen har òg eit særleg ansvar for at det diakonale aspektet kjem fram i forkynninga. Diakonen kan medverka som predikant i gudstenester der det diakonale oppdraget er i fokus. Til slike gudstenester bør han/ho delta både i planlegging og gjennomføring. Elles blir det peika på at diakonen medverkar under planlegging og gjennomføring av forbøna i kyrkjelyden og i særskilde forbøngudstenester. Når diakonen gjer teneste i gudstenesta, er det naturleg at han/ho òg medverkar under nattverden, gjerne med å lesa delar av liturgien og vera nattverdsutdelar.

## Leke gudstenesteleiarar

Vår lutherske tradisjon legg stor vekt på det allmenne prestedømmet. Alle døypte kristne er kalla til å formidla evangeliet vidare. Men samtidig har Gud innstifta eit embete (jf. *Confessio Augustana*, artikkel V) som er ansvarleg for den stabile og varige tenesta med Ord og sakrament. Somme gonger og somme stader kan det vera behov for at ikkje-ordinerte får fullmakt frå biskopen til å vera gudstenesteleiarar. Dette blir uttrykt slik i § 10 i Tjenesteordning for biskop: «Biskopen kan gi egnede lekfolk som på ansvar og under tilsyn av prest utfører assisterende tjeneste under tjenestefrihet eller ledighet i en prestestilling, fullmakt til å forrette fastsette gudstjenester, dåp, nattverd og gravferd. Slik fullmakt kan også



gis teologiske studenter som befinner seg i den avsluttende delen av profesjonsstudiet i teologi eller tilsvarende.»

I nokre bispedømme er det etablert ei teneste med leke gudstenesteleiarar. Det er gjerne den lokale presten som gjer framlegg om slike gudstenesteleiarar. Soknerådet og dei tilsette får høve til uttala seg før prosten sender framlegget til biskopen. Etter kurs og prøvetid kan biskopen godkjenna leke personar som gudstenesteleiarar. Fullmakt til å vera gudstenesteleiar (liturg) er tidsavgrensa for til dømes tre år om gongen, etter 6–8 månaders prøvetid og knytt til éi kyrkje, eventuelt til fleire kyrkjer, etter nærare avtale. Også kateketar og diakonar kan på same vilkår få fullmakt til å vera gudstenesteleiarar.

## Medliturgar

«Medliturg er alle som i tillegg til liturgen gjer liturgiske oppgåver i gudstenesta» (jf. Allmenne føresegner, punkt 10). Også andre prestar, prost eller biskop som medverkar i tillegg til presten som gjer teneste (liturgen), er i denne samanhengen å sjå på som medliturgar. Dei kan sjølvstendig utføra nokre av oppgåvene til liturgen, oppgåver som er merkte med L i ordninga. Dei stadene der det står ML, er først og fremst tiltenkt ikkje-ordinerte medliturgar.

Både talet på oppgåver og talet på medliturgar varierer frå kyrkjelyd til kyrkjelyd og ut frå kva type gudsteneste det er.

I Ordning for hovudgudsteneste står det under bokstavsymbolet ML at ein medliturg skal utføra desse oppgåvene:

- Be samlingsbøna (ledd 4).
- Lesa dei to første tekstlesingane (ledd 9 og 11).

Bokstavsymbolet ML/L inneber at *medliturgen* har forrang framfor liturgen til å utføra desse oppgåvene:

- Leia truedkjenninga (ledd 14).
- Leia forbøna (ledd 17). Forbønsleiaren er ansvarleg for førebuing og gjennomføring av forbøna. Han/ho samarbeider med ein eller fleire som les bøner, tenner lys og/eller utfører andre handlingar under forbønsdelen.
- Leia «Vi reiser oss og minnest ...» (avslutninga av ledd 17).

Bokstavsymbolet L/ML tyder at *liturgen* har forrang, men at ein medliturg òg kan utføra desse oppgåvene:

- Vera forsongar på innleiing til Lovsong Gloria («Ære vere Gud ...», ledd 7).
- Innleia tekstlesingane («Lat oss høyra Herrens ord», ledd 9).
- Lesa evangelieteksten (ledd 12).
- Leia siste delen av fredshelsinga (ledd 21).
- Be takkebøna etter nattverdsmåltidet (ledd 22).
- Vera forsongar ved Lovprising Benedicamus («Lat oss prisa Herren», ledd 24).
- Seia fram utsendingsordet (ledd 25).

Rubrikkane, som er forklaringane med raud skrift i Ordning for hovudgudsteneste, og Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta opnar for at medliturgar kan utføra endå fleire oppgåver:

- Gje informasjon og ønskja velkomen når gudstenesta byrjar (ledd 1).
- Delta i inngangsprosjon, bera kross eller nattverdselement eller anna som skal setjast på altaret (ledd 2).

- Medverka under dåpshandlinga ved å hella vatn i døypefonten, tørka hovudet til dåpsbarnet, tenna dåpslys, osv.
- Delta i evangelieprosesjon (ledd 12).
- Medverka under preika, eventuelt halda preike etter fullmakt frå gudstenesteleiaren (ledd 13).
- Lesa kunngjeringar (ledd 16).
- Samla inn offer eller bera fram offer (ledd 18 eller 19).
- Bera fram brød og vin under førebuing av nattverden (ledd 19).
- Lesa delar av nattverdsliturgien (ledd 20).
- Vera nattverdsutdelar (ledd 21).
- Delta i utgangsprosesjonen (ledd 26).
- Medverka som forsongar(ar), åleine eller i eit kor (ledd 7, 10, 12, 14, 17, 21).
- Spela saman med organisten eller eventuelt saman med andre musikarar, til salmar, liturgisk musikk, kor og innslag med instrumentalmusikk.
- Ha kyrkjetenarfunksjonar, som å gjera i stand gudstenesterommet og ringja med klokkene.
- Vera kyrkjevert (dela ut salmebøker, eventuelt gudstenesteprogram, hjelpa til rette dei som særleg treng det, osv.).
- Vera til stades i kyrkjerommet før gudstenesta, vera tilgjengelig om nokon ønskjer samtale eller sjelesorg, hjelpa folk som vil bruka lysgloben, osv.
- Utføra praktiske oppgåver etter gudstenesta – med kyrkjekaffi, andre arrangement, evt. informasjonsteneste.

Det varierer mykje frå kyrkjelyd til kyrkjelyd korleis ein fordelar medliturgfunksjonane: kor mange personar som er engasjerte, om det dreiar seg om teneste i periodar eller frå gong til gong, og om det gjeld enkeltpersonar eller grupper. Mange av funksjonane kan med fordel utførast av born og unge. Somme kyrkjelydar har faste ordningar for tenesta som medliturg eller ministrant, i alle gudstenestene eller i nokre av dei.

Før ein spør born om å vera medliturgar, må det vera avklart med foreldra eller dei føresette om at dette er i orden. Når det gjeld konfirmantar som medliturgar, ligg det til grunn at foreldre og føresette er orienterte om at dette er ein del av opplegget i konfirmasjonstida.

Mange kyrkjelydar har ein *klokkar*, anten i ei stilling med løn, eller som frivillig teneste, ofte delt på fleire personar. Klokkaren kan ha fleire funksjonar som medliturg, og mange stader kan det vera naturleg at klokkaren har eit overordna ansvar for å organisera dei andre medliturgane (jf. Allmenne føresegner, punkt 19).

## Medliturgar representerer kyrkjelyden

Alle som utfører oppgåver i gudstenesta, gjer det *representativt*. Eit så representativt utval av kyrkjelyden som råd er, bør vera medliturgar, når det gjeld både alder, kjønn, bustad og sosial og kulturell bakgrunn. For dei som sit i kyrkjebenkene, skal kunna *identifisera seg med* medliturgane. Når nokon på vår eigen alder, eller frå nabolaget, ber prosesjonskross, heller vatn i døypefonten, les samlingsbøna eller ein bibeltekst, er forsongarar, samlar inn offer eller ber fram brød og vin til nattverden, blir vi lettare delaktige i gudstenesta. Dette er med på å gjera alle som er i kyrkja, til medeigarar av gudstenesta, og kan gje ei viktig oppleving av at gudstenesta ikkje berre er *for oss*, men også *med oss*.

## Kyrkjelyden

På dei stadene i Ordning for hovudgudsteneste der det står K, tyder det at kyrkjelyden les eller syng i dialog med liturgen eller ein medliturg (sjå t.d. ledd 7 Lovsong/Gloria, svara etter

lesingane i ledd 9, 11 og 12, og ledd 20 Helsing/Prefasjonsdialog). For at kyrkjelyden ikkje skal nøla med å delta, kan det avtalast at ein medliturg leier kyrkjelyden i deira svar. Både kyrkjelydssvar som lesing og song kan òg øvast inn med forsongargrupper eller kor.

På stader der det står A, tyder det at alle – liturgen, medliturgane og kyrkjelyden – seier eller syng dette saman (sjå t.d. ledd 14 Truvekjening eller Fadervår under ledd 20).

I tillegg til dei stadene som er markerte med M eller A, deltek alle i salmesongen. Det same gjeld kyrkjelydssvar under forbøna og når ein sit stille saman, like eins bønnevandring og symbolhandlingar, takkoffer frå kyrkjelyden og deltaking i nattverden. Det går aldri lang tid i gudstenesta utan at kyrkjelyden er aktivt med i ord, song og rørsler. Også kroppsspråket som gudstenesta legg opp til – stå og sitja, høve til å knela og til å krossa seg – er uttrykk for at kyrkjelyden deltek.

Dei som er med i gudstenesta, deltek sjølvstilt ikkje berre når dei sjølve saman seier noko fram, syng eller utfører ei handling. Liturgen og medliturgane representerer kyrkjelyden når dei bed bønene. Også når éi røyst lyder i bøn og klage, takk og lovsong, blir dette gjort på vegner av heile kyrkjelyden. Og når tekstane blir lesne og Ordet forkynt, deltek kyrkjelyden aktivt ved å lytta og ta imot budskapet.

Samspelet i gudstenesta mellom liturgen, medliturgane og kyrkjelyden dreiar seg ikkje om ulike partar som uavhengig av kvarandre utfører sine roller. Det dreiar seg om eitt fellesskap som er «saman for Guds andlet», eit fellesskap som tek imot dei gode gåvene frå den treeinige Gud, og svarar med lovprising og bøn, og teneste i verda.

# plasseringar og vendingar i gudstenesterommet

---

Kyrkjerom er ulike. Difor må plasseringar og vendingar for liturgen og medliturgane gjennom heile gudstenesta bestemmast lokalt – ut frå ei forståing av heilskapen og den dramaturgiske gangen frå ledd til ledd. Dei grunnleggjande tankane i dette er felles for alle gudstenester i Den norske kyrkja. Nedanfor blir det gjeve rettleiing om dei vala som må tilpassast til lokale forhold.

## Faste plassar

Dei medverkande har faste plassar i gudstenesta:

- Liturgen sit på ein stol i korpartiet, på ein stad der han/ho er synleg for kyrkjelyden og medliturgane. Liturgen sit her når han/ho ikkje utfører liturgiske handlingar.
- Medliturgane sit på stolar framme i korpartiet, eventuelt nede i kyrkjerommet, nær stadene der dei skal utføra oppgåvene sine.
- Kyrkjemusikaren/kantoren har sin faste plass ved orgelet. Dersom han/ho òg bruker piano, er det ein fordel at det står like ved orgelet.
- Kor eller forsongarar kan ha plass ved orgelet eller pianoet, ikkje framfor altaret, som bør vera synleg for kyrkjelyden. Ein bør unngå at deltakarane går for mykje opp og ned under gudstenesta.
- Instrumentalistar eller band kan ha plass nær orgelet eller pianoet dersom dei spelar saman med organisten, eller på ein eigen stad framme i kyrkja der dei ikkje hindrar utsynet til altaret.

## Bøneretning

Når kyrkjelyden vender seg mot Gud i bøn, er den naturlege bøneretninga mot altaret, som det sentrale tyngdepunktet i gudstenesta (sjå om altaret i kapittel 6, Heilag rom, side 6.15).

Liturgen eller andre som vender seg mot altaret i bøn og tilbeding, gjer det som ei representativ handling, på vegner av heile kyrkjelyden.

Når liturgen og medliturgane er vende mot kyrkjelyden, talar dei til kyrkjelyden med oppfordring til bøn og vedkjenning, og i skriftlesing, forkynning, velsigning og utsending.

Når det gjeld bøner som ein bed frå lesepulten (samlingsbøn og forbøn), er det naturleg at medliturgane seier fram desse bønene vende mot kyrkjelyden, som ser mot altaret. Dersom ein står nede i kyrkjelyden og bed forbøner, vender ein seg i same retninga som kyrkjelyden, som alltid er vend mot altaret.

## Liturgens vendingar

Dersom kyrkja har eit frittstående altar, kan liturgen utføra heile altartenesta bak altarbordet, vend mot kyrkjelyden – *mot folket (versus populum)*. Han/ho vil då under heile altartenesta vera vend både mot altaret og kyrkjelyden.

Dersom liturgen gjer altarteneste framfor altaret, vender han/ho seg vekselvis mot kyrkjelyden og *mot altaret (ad orientem)*, i samsvar med det som står om dei ulike ledda nedanfor.

Når liturgen leier delar av gudstenesta frå plassen sin i korpartiet, vender han/ho seg mot altaret på dei stadene der det står markert.

## Plasseringar og vendingar gjennom gudstenesta

### i | samling

#### 1 *Førebuing*

Ein kan gje informasjon om gudstenesta denne dagen frå lesepulten.

#### 2 *Inngangssalme*

- Prosesjonen går heilt fram i kyrkja, og krossberaren og eventuelle lysberarar går til den staden der krossen, og eventuelt lysa, har sin faste plass. Medliturgane går til sine avtalte plassar. Liturgen går anten til plassen sin i korpartiet, og blir då ståande ved stolen, og leier der første delen av gudstenesta, eller han/ho går for altaret og leier første delen av gudstenesta der.
- I enkelte gudstenester der ein ønskjer å ha ei dåpspåminning for heile kyrkjelyden under innleiinga av gudstenesta, kan prosesjonen stansa ved døypefonten, og den første delen av gudstenesta kan bli leidd der. Samlingsbøn nr. 6 (sjå Ordning for hovudgudsteneste, side 2.30 og Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.15) høver særleg godt i denne samanhengen.

#### 3 *Inngangsord*

Liturgen seier inngangsorda frå plassen sin i korpartiet eller frå altaret.

#### 4 *Samlingsbøn*

Medliturgen bed bøna frå lesepulten, vend mot kyrkjelyden.

#### 5 *Syndsvedkjenning (dersom ho er plassert her)*

Liturgen leier syndsvedkjenninga frå plassen sin i korpartiet, eller frå altaret. Han/ho kneler på ein høveleg stad i koret, vend mot altaret, på altarringen eller på ein kneleskammel ved altaret.

#### 6 *Bønerop Kyrie*

Liturgen står vend mot altaret. Ved kyrielitani der fleire deltek med aktualiserande «rop», kan «ropa» koma frå ulike stader i kyrkjerommet, vende mot altaret.

#### 7 *Lovsong Gloria*

Liturgen messar innleiinga til Gloria frå den plassen han/ho alt har, vend mot altaret. Dersom kantoren eller ein annan forsongar syng innleiinga, gjer han/ho det frå den faste plassen sin.

#### 8 *Dagens bøn (dersom ho er med på denne staden)*

Liturgen seier fram eller messar bøna frå den plassen han/ho alt har, vend mot altaret under bøna, også dersom liturgen er ved plassen sin i korpartiet.

## ii | ordet

9, 10, 11 *Første lesinga, Bibelsk salme / salme, Andre lesinga*

**L/ML** | Lat oss høyra Herrens ord.

Dersom liturgen inntil no har leidd gudstenesta frå altaret, går han/ho no til den faste plassen sin i korpartiet, før eller etter eventuelt å ha sagt «Lat oss høyra Herrens ord». Dersom liturgen til no har leidd gudstenesta frå koret, seier han/ho desse orda frå koret.

Dersom medliturgen (tekstlesaren) innleier, gjer han/ho det frå lesepulsten.

Dei to første lesingane blir lesne ved lesepulsten.

### 12 *Evangelium*

Liturgen eller medliturgen les evangeliet lenger nede i kyrkja dersom det er evangelieprosesjon, eller det kan lesast på preikestolen (av liturgen/predikanten) eller frå lesepulsten (av medliturgen).

### 13 *Preike*

Preika held ein til vanleg frå preikestolen. Ein kan òg ha preika på ein annan stad i kyrkjerommet når det er naturleg ut frå særpreget i gudstenesta eller den forma preika har.

### 14 *Truvedkjenning Credo*

Truvedkjenninga blir leidd av medliturgen ved lesepulsten, eller av liturgen frå ein annan stad i korpartiet, eventuelt frå altaret. Medliturgen/liturgen vender seg mot kyrkjelyden under innleiingsordet («Lat oss vedkjennast vår heilage tru»), og mot altaret under vedkjenninga.

## iii | forbøn

### 16 *Kunngjeringar*

Dersom det er kunngjeringar her eller ein annan stad i gudstenesta, er det ein medliturg som kjem med dei, frå lesepulsten.

### *Synsvedkjenning (dersom ho er plassert her)*

Liturgen leier synsvedkjenninga frå den faste plassen sin i korpartiet, eller frå altaret dersom han/ho står for altaret under forbøna. Han/ho kan knela på ein høveleg stad i koret, vende mot altaret, på altarringen eller på ein kneleskammel ved altaret.

### 17 *Forbøn for kyrkja og verda*

*Medliturgen* kan innleia forbøna frå lesepulsten.

*Liturgen* kan innleia forbøna frå den faste plassen sin i korpartiet, eller frå altaret.

Medliturgar som les bøneavsnitt, kan gjera det frå lesepulsten, vende mot kyrkjelyden, eller frå andre stader i kyrkjerommet, vende mot altaret.

### *Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande*

*Medliturgen* leier denne delen av forbøna frå lesepulsten. *Liturgen* kan gjera det frå plassen sin i korpartiet.

### 18 *Takkoffer frå kyrkjelyden*

Takkofferet kan samlast inn her eller under salmen i ledd 19.

Liturgen blir ståande eller går no for altaret.

## iv | nattverd

Liturgen står for altaret under heile denne delen av gudstenesta, med unnatak av når det er utvida fredshelsing (sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.46), og når han/ho deler ut nattverd ein annan stad enn ved altaret.

### 19 *Førebuing av måltidet*

#### *Salme – takkoffer frå kyrkjelyden*

Innsamling og frambering av takkofferet, sjå ledd 18.

Dersom ikkje brød og vin alt står på altaret, kan to medliturgar henta brødeska og vinkanna frå eit sidebord, gå fram til altaret og gje det til liturgen. Dette kan ein gjera samtidig med at ein ber fram takkofferet (sjå ledd 19), eller kvar for seg (sjå ledd 18).

Medliturgane blir ståande der framme, vende mot altaret, under bønna.

### 20 *Takkseiing og bøn*

#### *Helsing Prefasjonsdialog*

Liturgen står ved altaret, vend mot kyrkjelyden.

#### *Innleiande lovprising Prefasjon*

Liturgen er vend mot altaret.

### *Nattverdsbøn med innstiftingsorda*

Liturgen er vend mot altaret. Under innstiftingsorda er liturgen vend mot altaret, eller eventuelt mot kyrkjelyden.

Dersom ein medliturg seier fram delar av nattverdsbønna, står han/ho vend mot altaret under bønna, til høgre for liturgen.

### 21 *Nattverdsmåltidet*

#### *Fredshelsing*

Liturgen er vend mot kyrkjelyden.

Dersom ein har med siste delen av fredshelsinga (sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.46), og liturgen ikkje leier henne, kan ein medliturg leia denne delen frå lesepulten.

#### *Brødsbryting*

Liturgen er vend mot kyrkjelyden og held opp og bryt ein stor oblat eller eit brød på ein synleg måte samtidig med den første setninga («Brødet som vi bryt ...»). Under den andre setninga («Vinen som vi drikk ...») held liturgen kalken opp, synleg for alle.

#### *Du Guds Lam Agnus Dei*

**L** | Kom, for alt er ferdig.

Liturgen seier dette, vend mot kyrkjelyden, før eller etter ein syng Du Guds Lam.

#### *Utdeling*

Kvar liturgen og medliturgen står, og rørslene dei gjer, er avhengig av kva slag utdelingsmåte (-måtar) som blir nytta (sjå Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, side 8.53).

Liturgen seier tilseiingsorda («Den krossfeste og oppstadne ...») frå altaret, vend mot kyrkjelyden.

## *22 Avslutning av måltidet*

### *Takkebøn*

Liturgen bed bøna, vend mot altaret, eller ein medliturg bed bøna frå lesepulten, medan liturgen blir ståande ved altaret.

### *23 Velsigning*

Liturgen innleier og syng eller seier fram velsigninga frå altaret, vend mot kyrkjelyden.

Dersom ein medliturg (kantor eller ein annan forsongar) syng innleiinga til lovprisinga («Lat oss prisa Herren»), gjer han/ho det frå den faste plassen sin.

### *24 Utsending*

Liturgen kan seia utsendingsordet, frå altaret eller korpartiet, eller ein medliturg kan seia det, frå korpartiet eller lesepulten.



# kunstnarlege uttrykk i gudstenesta

---

*Kirken har en kulturell rikdom i gudstjenestelivet. Kunsten er ikke et tillegg til kirkens teologi eller budskap, men gjennom hele kirkens historie har kunsten gitt rom til budskapet. Den pågående reform av gudstjenestelivet må realisere målet om å bruke samtidens kunst- og kulturuttrykk og gi rom for kulturelt mangfold.*

Sitatet er henta frå komitéinnstillinga til saka «Kunsten å være kirke», kulturmelding for Den norske kyrkja, som Kyrkjemøtet hadde til handsaming i 2005.

Kyrkjemøtet følgde opp dette ved å understreka at utfordringane i kulturmeldinga «må få prege trosopplæring, gudstjenesteliv, diakoni og 'ung i kirken'. Omvendt må erfaringene fra disse områdene være med på å forme kirkens arbeid i forhold til kunst og kultur».

Kunstnarlege uttrykk kan gje næring til livet på ein annan måte enn intellektuell kommunikasjon. Det er difor ikkje utan grunn at *song og annan musikk* står sterkt i gudstenestesamheng. *Biletkunst og skulpturar* har òg ein sentral plass, men er kanskje ikkje nok utnytta som del av den forkynninga som sjølv kyrkjerommet har i seg. Både *altartavlene og anna utsmykking* i kyrkjerommet formidlar ein bodskap, men ein kan òg knyta refleksjonar til dei i preika og elles når det er naturleg.

Når det gjeld bruk av andre kunstnarlege uttrykksformer, kan det vera tenleg å nytta *dans, forteljarkunst og dramatisert framstilling* i gudstenestelivet i den lokale kyrkjelyden. Desse kunstformene kan vera forteljande (episke) i sitt kunstnarlege uttrykk, og slik formidla ein bibeltekst på ein annan måte enn vanleg tekstlesing og tradisjonell preike gjer det. Dessutan treng ikkje desse kunstformene så mykje teknisk tilrettelegging som til dømes film, eller lagringsplass som installasjonskunst vil ha behov for. Dans, forteljarkunst og drama er dessutan levande uttrykk som blir skapte i sjølv framføringa, og gjev med det eit nærvær som styrkjer innlevinga og medopplevinga i gudstenesta.

I denne samanhengen er det mykje kunnskap å henta frå gudstenestearbeidet i Døvekyrkja, der det å bruka høyreresansen (auditiv kommunikasjon) ikkje nødvendigvis er den vanlege forkynnande kommunikasjonsforma. Ein har difor teke dei andre sansane i bruk, særleg det visuelle i form av dans.

Eit anna vedtak i samband med «Kunsten å være kirke» (Kyrkjemøtet 2005) lyder slik:

*Barn og unge må slippes til og bli ivaretatt både som skapere og brukere av kultur. Kirkemøtet presiserer at barns og unges kulturelle uttrykksformer er en verdifull del av kirkens kultur. Kirkemøtet utfordrer alle som har ansvar for gudstjenester og andre kirkelige samlinger, til å være åpne og reflekterte i møte med unges kunst- og kulturuttrykk, som ofte står i kontrast og opposisjon til det etablerte, og slik virker fornyende.*

Det lokale kunst- og kulturlivet kan ein prøva å integrera på ein god måte i kyrkjelyden og gudstenestelivet. Lokale kunstnarar kan inviterast til å ha utstillingar og til å snakka om kunsten sin, gjerne i samband med gudstenesta. Elevar frå kulturskulen kan bidra under

gudstenesta med musikalsk framføring, dans knytt til ei forteljing frå ein av bibeltekstane for dagen, bilete eller ikon og andre visuelle uttrykk som kan formidla scener frå desse tekstane, osv. Ein kan til dømes byrja eit slikt samarbeid i samband med dei store høgtidene og så ut frå det utvikla samarbeidet vidare. Dette er berre døme på korleis ein kan gjera det. Lokalmiljøa er ulike, men alle stader finst det opningar for samarbeid og menneske som kan bidra med sine kunstnarlege uttrykk, anten dei er amatørar eller profesjonelle.

# song og andre musikkformer

---

## Kommunisera og delta

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje. I Det gamle testamentet er det fleire referansar til song og bruk av musikkinstrument i gudstenesta, og Det nye testamentet fortel at i gudstenesta i urkyrkja kom gudsrikefellesskapet til uttrykk hos eit syngjande og musiserande folk: «... syng saman med salmar, hymner og åndelige songar. Syng og spel av hjartet for Herren!» (Ef 5,19).

Det synest som om dei første kristne kan ha brukt som førebilete salmesongen som høyrde til i gudstenesta i tempelet i Jerusalem. Der hadde musikkinstrument òg ein sentral plass, men det var ikkje vanleg i gudstenestelivet i urkyrkja. Austkyrkja har vidareført denne gudstenestepraksisen utan bruk av musikkinstrument, men i dei aller fleste kyrkjesamfunna i dag bruker ein musikkinstrument, ikkje minst i den lutherske kyrkja.

Musikk (song og musikkinstrument) i gudstenesta er kommunikasjon med fleire dimensjonar. Gjennom musikken møter vi Gud, som gjev oss Ordet, og Anden, som skaper tru, von og kjærleik. Og vi vender oss til Gud når kroppen, stemma og instrumenta vi har, er med i bøn, lovprising og forkynning av hans velgjerningar. Heile kyrkjelyden deltek i lovprisinga ut frå gåvene som kvar og ein har fått. Gjennom dette blir òg menneske knytte saman i fellesskap.

## Kantor og kyrkjemusikar

At song og andre musikkformer er ein heilt vesentleg del av livet i kyrkja, kjem òg til uttrykk ved at kyrkja kallar og tilset menneske til teneste som kyrkjemusikarar. Tenesteordninga for kantor understrekar at kantoren skal forvalta og levandegjera tradisjonelle og nye kyrkjemusikalske verdiar, og syta for breidd og kvalitet i det kyrkjemusikalske og kulturelle arbeidet i kyrkjelyden.

Kyrkjemusikaren er den musikalske fagpersonen i kyrkjelyden og har si oppgåve knytt til det musikalske innhaldet i gudstenesta, både under førebuinga og gjennomføringa. I tillegg til sine eigne arbeidsoppgåver har kyrkjemusikaren ansvar for rådgjeving og rettleiing av andre som er med og utfører musikalske oppgåver i gudstenesta (jf. Allmenne føresegner, punkt 14; sjå òg Tjenesteordning for kantor). Kyrkjemusikaren og alle andre som deltek med song og instrumentalmusikk, har som si fremste oppgåve å hjelpa kyrkjelyden til å lovprisa Gud i song.

## Breidd og kvalitet

Alt i urkyrkja hadde eit mangfald av bibelske salmar og nydikta hymner og songar ein viktig plass i gudstenesta (Kol 3,16; 1 Kor 14,26). I mellomalderen vart orgel teke i bruk i mange vestlege kyrkjer, både som tonefølge for songen og som soloinstrument. I den lutherske kyrkja fekk dikta salmar og musikkinstrument ein svært sentral plass i gudstenesta. Det blir sagt at Luthers populære salmar på folkespråket var vel så mykje med på å fremja reformasjonen som dei mange skriftene hans. Gjennom hundreåra har ei rik salmedikting sett

sitt preg på gudstenestene våre.

I løpet av 1900-talet er det mykje nytt som har prega kyrkjemusikken: eit større mangfald i instrumentbruk, musikk og liturgiar frå heile verda, eit stort tilfang av nye salme- og songtekstar, oppdaging av eldre liturgisk song og andre musikkformer som har vist stor slitestyrke (folketonar og gregoriansk song), og gradvis aksept av fleire kunstartar, som dans og visuelle uttrykk. Den musikalske utfoldinga i gudstenesta dreiar seg først og fremst om salmesong og tonesette liturgiske ledd for kyrkjelyden og for kor eller forsongarar. Der ulike vokale og instrumentale uttrykk er tekne i bruk, blir det skapt eit stort mangfald som set preg på mange kyrkjelydar og kyrkjemusikalske miljø.

I gudstenesta syng vi saman med den verdsvide kyrkja. Nye songar frå andre delar av verda, ofte i andre tonespråk enn det vi er vande med, kan gje oss ei sterk oppleving av å høyra saman i Guds kyrkje på jord. Vi deler dei åndelege skattane med kvarandre i eit stort økumenisk fellesskap. Den norske kyrkja har òg teke til å læra av rikdommane i den samiske tradisjonen. Denne tradisjonen inspirerer òg kyrkjelydane utanfor dei tradisjonelt samiske områda.

Den norske kyrkja ønskjer å leggja til rette for å bruka både den innarbeidde eller tradisjonelle sakrale musikken og nyare musikalske former og sjanrar som har kvalitet, og som kan høva for gudstenestelivet i kyrkjelyden. All musikk i gudstenesta skal tena til å æra Gud og til å byggja opp kyrkjelyden. Musikken er ikkje nøytral, og heller ikkje eit innslag til underhaldning i gudstenesta, men musikken skal formidla at vi er saman for Guds andlet. Ingenting kan som musikken hjelpa oss til «samstemde og med ein munn» å «prisa Gud, vår Herre Jesu Kristi Far» (Rom 15,6).

Når det gjeld musikksmak og kva for musikalske sjanrar ein likar, er det stor variasjon blant dei som deltek i gudstenesta. Ei større musikalsk breidd i gudstenesta kan gjera at mange kjenner att musikkuttrykk som ligg hjartet nær. Fleire kan då kjenna seg inkluderte og lettare oppleva at ein i gudstenesta får hjelp til å uttrykkja si tru og lovprising. Når menneske får delta i fellesskapet i kyrkjelyden med noko av det som er deira eige musikalske språk, vil det òg kunna opna for å ta imot skattar frå andre musikalske område.

Samtidig ser vi at mange verdset song og annan musikk som er ulik det dei høyrer til kvardags, ein musikk som formidlar noko som er annleis, eit heilagt nærvær. Eit døme på dette er Taizé-songane med sin meditative karakter, og gregoriansk song. Dette er det viktig å ta omsyn til når ein planlegg musikken i gudstenesta.

Den store variasjonen utfordrar alle som er involverte i det musikalske arbeidet i kyrkja, til å halda saman tradisjon og fornying. Kvalitet kan ikkje avgjerast ut frå subjektive oppfatningar, eller knytast eksklusivt til ein bestemt type musikk. Evna musikken har til å bera fram tekst og til å kommunisera med menneske, har med kvalitet å gjera. All musikk og song i gudstenesta skal bidra til at menneske kan delta og få næring til si tru. Også i dette perspektivet skal ein vurdera kvaliteten. Slitestyrke i lengre tid gjev ein peikepinn på kva for musikk som held kvalitetsmål.

## Born og unge

Born og unge er inga einsarta gruppe når det gjeld musikalsk smak. Men musikk er ein viktig del av livet deira, og kyrkja må lytta seg inn i deira mangfaldige musikalske verd og opna for at born og unge kan identifisera seg med det musikalske språket i gudstenesta. Det beste er å la born og unge få vera med på å velja salmar og songar, og få medverka som songarar og utøvande musistarar i gudstenester. Slik blir dei involverte på ein god måte og får med det òg trusopplæring.

## Salmesong

På ein særleg måte har den lutherske kyrkja ein kyrkjemusikalsk arv i form av salmar og songar, som er samla i salmebøkene. Her finn vi eit mangfald i tekstar og musikk som speglar kristen tru gjennom mange hundre år og fram til vår tid. Salmeskatten er ei kjelde til inspirasjon og fordjuping. Heile tida skaper også nye salmar nye uttrykk for gudstru.

«I hovudgudstenestene i kyrkjelyden skal hovudregelen vera at ein bruker salmar frå godkjende salmebøker eller salmedatabasen i Kyrkjerådet» (jf. Allmenne føresegner, punkt 20). Dette inneber at det blir rekna som mest naturleg å henta salmane i gudstenesta frå salmeboka og frå salmar i salmedatabasen, som er ein del av det elektroniske verktøyet i det digitale gudstenestebiblioteket for Den norske kyrkja. Her blir både gamle og nyare salmar lagt ut. Salmedatabasen blir oppdatert etter kvart med nytt materiale. Uttrykket «skal hovudregelen vera» opnar for at noko òg kan hentast frå andre kjelder. Det kan vera heilt nyskrivne salmar, eller songar som høver til tema og fokus i ei bestemt gudsteneste.

Det er ei spennande oppgåve å velja salmar til ei gudsteneste. Kvar salme har sin bestemte funksjon ut frå plassen han har i gudstenesta. Dette er det skrive om i Rettleiing til hovuddelane i gudstenesta, der hovuddelane er gjennomgått ledd for ledd. Det er ei viktig oppgåve for kantor og prest å gje rettleiing om salmane til born, unge og andre som er med i fellesskapet som førebur gudstenesta.

God *salmepanlegging* styrkjer songen i kyrkjelyden. Det er viktig å finne ein god balanse mellom kjende og mindre kjende salmar i alle gudstenester. Vel gjerne nokre *kjernesalmar* – nye og gamle, gjerne frå ulike sjangrar, men set dei saman slik at heilskapen ikkje verkar usamanhengande eller forvirrande. Bruk nye salmar i ein viss periode. Syng dei om att og om att, både i gudstenesta og i andre samanhengar. Bruk forsongarar, lat kor syngja diskantar og fleire stemmer, og bruk instrumentalistar til å fargeleggja melodien og uttrykkja ulike aspekt ved teksten.

## Liturgisk musikk

Det er lang tradisjon i kyrkja å syngja store delar av liturgien i gudstenesta. Dette går føre seg i veksling mellom kyrkjelyd, kantor/forsongar(ar) og prest, i Ordning for hovudgudsteneste i desse ledda:

- Bønerop Kyrie.
- Lovsong Gloria.
- Halleluja (dersom det blir brukt før og etter evangelielesinga).
- Truvedkjenning Credo (blir sagt fram eller sunge).
- Kyrkjelydssvar i forbøna (blir sagt fram eller sunge).
- Litani (forbøn med bønerop som kyrkjelydssvar).
- Helsing Prefasjonsdialog (innleiande helsing i nattverdsliturgien).
- Prefasjon (innleiande bøn i nattverdsliturgien).
- Heilag Sanctus.
- Fadervår (blir sagt fram eller sunge).
- Du Guds Lam Agnus Dei.
- Velsigninga (med innleiinga «Lat oss prisa Herren» / «Gud vere lova ...»).

Det finst fleire rekkjer med liturgisk musikk å velja mellom, og mange musikalske enkeltledd. Her er stor variasjon når det gjeld musikalske sjangrar som ein prøver å ta omsyn til: frå gregoriansk song, klassisk kyrkjemusikk og folkemusikk til mange nyare musikkformer. Den lokale kyrkjelyden kan velja å bruka éin bestemt serie til alle dei musikalske ledda i ei gudsteneste, eller velja musikk frå fleire seriar og musikalske enkeltledd i ei og same

gudsteneste. Ein må tenkja gjennom i kor stor grad same musikken skal nyttast frå gudsteneste til gudsteneste, og i kor stor grad ein skal opna for variasjon i enkelte gudstenester / type hovudgudsteneste .

Før eit sokneråd vedtek kva slag liturgisk musikk som skal brukast i hovudgudstenestene (jf. Allmenne føresegner, punkt 64), må ein gjera eit grundig førearbeid under leiing av kantoren eller kyrkjemusikaren i kyrkjelyden. Gudstenesteutvalet, gjerne i ei utvida gruppe med songarar, musikarar og andre representantar for kyrkjelyden, kan gå gjennom det aktuelle materialet og koma med ei innstilling til soknerådet. Kyrkjelyden kan få presentert noko av den liturgiske musikken på eigne samlingar, gjerne med hjelp frå eit kyrkjekor, andre musikkgrupper eller forsongarar. Før det blir gjort vedtak om kva slag liturgisk musikk som skal nyttast i ein periode (helst 2–4 år), skal dei tilsette i kyrkjelyden og andre medarbeidarar som er involverte i gudstenestearbeidet, få høve til å uttala seg. Dessutan skal framlegget «leggjast fram for *soknemøtet* til drøfting og fråsegn, jf. punkt 69». Dette gjeld heile den lokale grunnordninga (jf. Allmenne føresegner, punkt 53).

Det er ei svært viktig oppgåve å velja kva for liturgisk musikk som skal brukast i hovudgudstenestene i kyrkjelyden. Her må ein ta omsyn til at folk skal kjenna seg trygge og kjenna seg att frå gong til gong, og dessutan må ein tenkja på mangfaldet i kyrkjelyden.

## Instrumentalmusikk

Også musikk utan ord har sin plass i gudstenesta. I tillegg til preludium (forspel) og forspel til salmane og postludium kan instrumentalmusikk òg nyttast andre stader i gudstenesta, til dømes etter preika, når takkofferet blir samla inn, når det blir utveksla fredshelsing, og under nattverdsmåltidet. Musikken i kyrkja kan opna sinn og tankar for Guds mysterium. Han kan opna for djupare kommunikasjon i forlenging av det som blir formidla gjennom ord. Musikken har evne til å knyta seg til menneskelege kjensler og røynsler. Han kan vera berar av glede og sorg, opna for ettertanke og gje rom for stille og refleksjon.

*Forspelet til salmane* er viktig for å stimulera salmesongen. Det skal markera både tempo og karakter og gjerne gje kyrkjelyden lyst til å syngja. Det er ei musikalsk utfordring å få alt dette til, som regel berre med å spela nokre få takter.

## Instrument

Songstemma er det viktigaste instrumentet i kyrkja. Det er tradisjon for å støtta songen i gudstenesta med instrumentalmusikk, og då særleg orgelmusikk. Orgelet, slik det fungerer og høver inn, med lang tradisjon og vid utbreiing, har fått ein sentral plass i kyrkjelydane. Sidan orgelet har stor spennvidd i klang, har det vist seg godt eigna til ei lang rekkje musikalske oppgåver og uttrykk.

Men orgelet høver ikkje like godt til alt. Mange salmar har ein slik karakter, det gjeld både rytme, melodi og stil, at det kan vera tenleg å bruka andre instrument til songen. Ein kan òg ha musikkfølgje til songen ved eit samspel mellom orgel og andre instrument. Til dømes kan eit elektronisk instrument saman med orgel gje eit anna kyrkjemusikalsk inntrykk. Somme songar høver det best å syngja a capella (utan musikk er med). Og salmeboka opnar for at ein kan syngja enkelte salmar fleirstemt, i kyrkjelyd og kor.

Det finst inga grense for kva slag instrument som kan brukast i gudstenester, saman med orgelet eller åleine. I mange gudstenester, særleg med born og unge som aktørar, kan det vera naturleg å bruka eit band eller ei anna instrumental musikkgruppe, gjerne i veksling med eller i samspel med orgelet. Same kva for instrumentering ein har, er det viktig å velja musikalsk verktoy som gjev musikken karakter, og som kjennest rett når det gjeld stil og sjanger.

I alle kyrkjelydar er det mange som spelar, og på ulike instrument. Det er ei stor utfordring

å la både amatørar og profesjonelle musikarar medverka i gudstenestelivet, under leing av kyrkjemusikaren.

## Kor og forsongarar

Kor er ei av dei største frivillige aktivitetane i kyrkjelyden og eit kjerneområde i det kyrkjemusikalske livet. Korrørsla famnar ulike typar kor, frå barnekantori, barnegospel og barnekor, Ten Sing og andre ungdomskor til kantorigrupper og kyrkjekor for vaksne. Her er det store variasjonar frå kyrkjelyd til kyrkjelyd. Det må vera ein grunnregel i kyrkjelyden at alle kora må få høve til å medverka i gudstenester. Dette gjeld i stor grad òg kor i lokalsamfunnet som ikkje er ein del av verksemda i kyrkjelyden. Samarbeid med lokalt kor- og musikkliv gjev samarbeidspartnarane ei oppleving av å høyra til i kyrkja, samtidig som dei gjer det kyrkjemusikalske livet endå rikare. Til enkelte gudstenester kan det òg vera aktuelt å bruka prosjektkor, med open påmelding, til å vera med og øva inn salmar og liturgisk song.

Også solosong kan nyttast i gudstenesta. Solosongen og korsongen må alltid innpassast i den liturgiske gangen i gudstenesta. I rubrikkane til Ordning for hovudgudsteneste er korsong nemnd berre éin stad, under nattverdsmåltidet. Andre stader i gudstenesta der ein gjerne vil ha korinnslag, kan variera frå gudsteneste til gudsteneste, mellom anna ut frå heilskapen i gudstenesta og repertoaret til koret.

Aktuelle stader kan vera:

- Som preludium – før ledd 2 Inngangssalme.
- Etter ledd 3 Inngangsord – som eit «innslag som peikar på særpreg og tema i gudstenesta» (jf. rubrikk).
- Under ledd 7 Lovsong Gloria – lovsong (gjerni i veksling med kyrkjelyden) etter «Vi lovar deg, vi prisar deg ...».
- Mellom første og andre lesinga – ledd 10 Bibelsk salme, der kyrkjelyden syng med på omkvede.
- I samband med ledd 13 Preike – før, under eller etter preika, som eit «innslag som er samordna med innhaldet i preika» (jf. rubrikk).
- Etter ledd 14 Truvedkjenning Credo.
- Under ledd 18 Takkoffer frå kyrkjelyden.
- Under ledd 21 Nattverdsmåltidet.
- Etter nattverden – i staden for ledd 23 Salme. Då bør ein nytta høvet til å syngja ein salme heilt til slutt i gudstenesta (jf. rubrikk i ledd 26 Postludium/Utgangsprosesjon).
- Som ledd 26 Postludium/Utgangsprosesjon.

Kor som medverkar i gudstenesta, kjem med ei kunstnarleg og estetisk erfaring som opnar for kommunikasjon og deltaking. Sjølvstendige innslag av kor og solistar, og andre musikkinnslag, må ikkje ha ein for dominerande plass i forhold til liturgi og salmesong der kyrkjelyden deltek. Gudsteneste er først og fremst ei felles handling. Difor er det ein fordel om alle kor som medverkar i ei gudsteneste, òg fungerer som forsongarar, både til salmar og songlege liturgiske ledd. Særleg når ein tek nye melodiar i bruk, kan eit kor få heile kyrkjelyden med seg i fellessongen. Kor og forsongargrupper som er ein del av forsongartenesta, har ei nøkkelrolle i å hjelpa kyrkjelyden til å ta i bruk nytt materiale.

# stille og kroppsspråk i gudstenesta

---

## Stille

På fleire stader i Ordning for hovudgudsteneste står det at det her kan det vera ei kort stille stund. Dette gjev høve til ettertanke og fordjuping. Også slik blir den enkelte som er til stades, utfordra til aktivt å bli involvert i gudstenesta. I den korte stilla kan vi be med forventning om Guds nærvær, slik vi kjenner det frå bønene i Salmane i Det gamle testamentet: «Ver still for Herren og vent på han» (Sal 37,7); «Berre hos Gud skal eg vera still, frå han kjem mi von» (Sal 62,6). Vi kan uttrykkja vår takk og glede over at også i stilla møter Gud oss.

Ein må gje tydelege opplysningar til kyrkjelyden (i trykt gudstenesteprogram eller på annan måte) om når det er høve til ei kort stille. Det er òg godt med faste rutinar, slik at kyrkjelyden blir vand med og kan bruka den korte stilla på ein god måte. Ettersom mange er uvande med stille, vågar liturgen eller medliturgen kanskje ikkje å la stilla vara så lenge at kyrkjelyden får nødvendig tid til den bøna, meditasjonen og ettertanken som stilla på den aktuelle staden legg opp til. Den som leier gudstenesta på dei stadene der det er stille, opplever ofte at stilla varer lenger enn slik kyrkjelyden opplever det. Det gjeld å finna ein god balanse mellom ikkje for lang og ikkje for kort stille. At stilla blir tilpassa til pulsen og rytmen i liturgien, er viktig.

Under den korte stilla kan det vera vanskeleg for enkelte å la vera å gje lyd frå seg. Det er naturleg at born rører på seg, at nokon hostar, eller at andre av ulike grunnar gjev lyd frå seg i kyrkjerommet, også under stille stunder i gudstjenesta. Tenk gjennom korleis ein kan informera om dette og gjera folk trygge i samband med dette.

Det kan vera ei kort stille på desse stadene:

### under førebuinga (ledd 1)

Kyrkjerommet kan vera ope ei stund før gudstenesta, med høve til å tenna lys og sitja stille, i ettertanke og bøn.

Etter informasjon om gudstenesta denne dagen, før dei tre slaga med kyrkjeklokkene, kan det vera ei kort stille. Når informasjonen blir avslutta med «Lat oss vera stille for Gud», får ein høve til stilt å førebu seg – til å roa seg ned og innstilla seg på å delta i gudstenesta.

### under syndsvedkjenninga (ledd 5 eller før ledd 17)

Det kan koma ei kort stille anten før eller etter syndsvedkjenninga. Formuleringa «Lat oss ransaka oss sjølve for Guds andlet og sanna syndene våre» legg opp til ei lita stund med individuell ettertanke og ransaking før ein ber syndsvedkjenninga saman med heile kyrkjelyden. Stille etter syndsvedkjenninga gjev den enkelte høve til å la innhaldet i vedkjenninga søkkja ned i seg før liturgen seier eit lovnadsord som gjev uttrykk for Guds nåde og miskunn.



## mellom første og andre lesinga (ledd 10)

Her kan ein syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, eller det kan «vera stilt ei kort stund». Ein kan velja ei kort stille på denne staden når den første teksten er av ein slik karakter at han legg opp til ettertanke og meditasjon. Det bør vera god samanheng mellom tekstane, slik at den enkelte kan kjenna det naturleg med ei stille som ei bru mellom lesingane.

## etter preika (ledd 13)

Etter preika kan det vera høve til «ei stille stund», ein kort salme eller meditativ instrumentalmusikk. Ein bør velja ei kort stille når avslutninga på preika er slik at det kan kjennast rett med ei lita stund til personleg refleksjon og ettertanke. Stilla på denne staden kan eventuelt kombinerast med meditativ musikk.

## under forbøna (ledd 17)

Det kan vera høve til individuell stille bøn etter kvart bønneavsnitt eller samla til slutt, slik det står i dei ulike variantane av forbønsmodellar og formulerte forbøner (Ordning for hovudgudsteneste, side 2.48).

## under «vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande» (i ledd 17)

Kyrkjelyden står ei lita stund i respekt og ettertanke etter at namna på dei døde er lesne opp.

## under nattverdsmåltidet (ledd 21)

Her kan det vera veksling mellom fellessong, korsong, instrumentalmusikk og stille. Ei kort stille og meditativ musikk kan gjerne kombinerast. Det særpreget søndagen har, og den kyrkjeårstida ein er i, kan vera retningsgjevande for om ein skal gje stor plass til stille under måltidet. Det kan vera særleg aktuelt i fastetida, på bots- og bøneda og siste søndag i kyrkjeåret / Kristi kongedag.

## under tre gonger tre bøneslag etter velsigning (ledd 24)

Om alle opplever dette som ei stille stund, er ikkje sikkert. Men for somme er dette staden for ein siste stille ettertanke og bøn til Gud om hjelp i det livet og den tenesta som held fram etter at gudstenesta er slutt.

## etter gudstenesta

I rubrikken etter leddet Postludium/Utgangsprosesjon (ledd 26) står det: «Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til stille bøn og ettertanke.»

## Kroppsspråk

Gudstenesta har eit mangfald av språk. Det er ord og handlingar, musikk og stille, bilete og andre uttrykksformer. Gjennom heile liturgien gjev kyrkjelyden også med kroppen uttrykk for at dei deltek aktivt og er involverte i gudstenesta.

## stå

Tidleg i historia til den kristne kyrkja var det vanleg at kyrkjelyden stod under heile gudstenesta. Etter kvart vart det vanleg å knela under delar av gudstenesta. Sidan fekk kyrkjene benker, og kyrkjelyden kom til å sitja stadig meir.

Å stå i gudstenesta er eit uttrykk for tilbeding, lovprising og respekt for Guds nærvær. Difor står vi under høgdepunktet i hovuddelen Ordet, evangelielesinga. Vi står under truvedkjenninga, nattverdsbøna og medan vi tek imot velsigninga.

Også under salmesong kan det vera godt å stå, særleg når salmane har ein lovprisande karakter. Reint kroppsleg gjev det meir klang og styrke til songen når ein syng ståande. Det er opp til den lokale kyrkjelyden å velja om ein skal stå under inngangssalmen, utgangssalmen og/eller andre salmar.

## sitja

Å sitja kan uttrykkja kvile, meditasjon, aktiv lytting og bøn. Difor sit vi under dei to første tekstlesingane og under preika og forbøna.

## gå

Å gå kan vera eit uttrykk for den kristne pilegrimsvandringa. Dette er prosesjonane inn og ut av kyrkjerommet uttrykk for. Kyrkjelyden deltek i prosesjonen ved å stå under inngangsprosesjonen og gjerne følgja med prosesjonen ut av kyrkja.

Også vandringane under sjølve gudstenesta kan vera uttrykk for å bryta opp og gå, både for å ta imot Guds velsigna gåver og for å tena Gud og nesten vår.

Vi går fram og tek imot Jesu lekam og blod. Ein kan få høve til å gå rundt i kyrkjerommet under bønemandring. Vi går fram med takkofferet vårt, eller nokon ber det fram på vegner av oss alle.

## bøya seg eller knela

Å bøya seg kan vera uttrykk for bot og audmjukt sinnelag, men òg respekt. Innleiinga til syndsvedkjenninga oppfordrar direkte til dette når det blir sagt: «Lat oss bøya oss for Gud ...»

Å knela er eit endå sterkare uttrykk for bot og vedkjenning. Difor kneler liturgen under syndsvedkjenninga. «Kyrkjelyden kan òg knela», står det i Ordning for hovedgudsteneste (side 2.7). Men ikkje alle stader er det plass i kyrkjebenkene til å gjera det, og for mange vil det òg kjennast unaturleg. I nattverden kan ein ta imot Jesu lekam og blod medan ein kneler, eit sterkt uttrykk for at vi tek imot ufortent og berre på grunn av Guds nåde. Også under bønemandring kan det vera høve til å knela i bøn og tilbeding. Somme stader er det enkelte gonger høve til skriftemål under eller i samband med gudstenesta. Då kneler ein, vedkjennest syndene og blir med handspålegging tilsagd forlating for syndene.

## krossteikning

Å krossa seg kan vera ei påminning om Jesu Kristi kross og kva frelsesgjerninga hans inneber. Det kan òg uttrykkja ei vedkjenning til den treeinige Gud (Faderen, Sonen og Den heilage ande). Under velsigninga lyser liturgen krossteiknet over kyrkjelyden +. Samtidig kan kvar enkelt teikna ein kross på seg sjølv (til vanleg med høgre handa frå panna og ned over brystet, og frå venstre til høgre skuldra). Dette kan gjerast som ei påminning om dåpen, i og med at ein i dåpen vart teikna med krossteiknet.